

Opplæringsavdelinga
Seksjon skule
Hordaland fylkeskommune

Os, 27. mai 2014

Søknad om midlar for arbeid med auka gjennomføring

I medhald til skriv datert 20.05.2014, søker vi om midlar til prosjekt for auka gjennomføring i 2014-15. I år har Os vgs hatt særleg mange sluttarar (8,2 % pr. 12/3 -14). Vi har eit svakt inntaksgrunnlag frå grunnskulen, og ein sterk auke av minoritetsspråklege elevar. Grunna det høge talet på sluttarar m.m. har leiinga og kollegiet drøfta kva tiltak vi vil satse på. Nokre tiltak er sett i verk og skal utviklast og førast vidare neste skuleår. Skulen er budd på sjølv å sette inn ressursar på dette, men vi vil trenge ekstra midlar til desse tiltaka. Vi ser på det totale skulemiljøet, og vil i tillegg til prosjekta nemnd her, satse på utstyr for uteaktiviteter og innemiljø.

Målgruppe

Målgruppa er elevar som treng tilrettelagt opplæring for å få ståkarakter i enkelte fag, og elevar med høgt fråvær. I utgangspunktet elevar som ved inntak har låg poengsum og/eller skårar lågt på kartleggingstestane. Målgruppa er både Vg1-, og Vg2-elevar. Påbyggingsklassene vil få eiga tiltak neste år. Minoritetsspråklege er ei eiga målgruppe. Tiltaka skal og fange opp elevar som slit seinare i opplæringsåret, og dei som tidlegare ikkje har bestått, og må ta ny eksamen.

Mål for tiltaka

Hovudmålet er auka læringsutbytte og fullføring. Os vgs ønskjer å redusere tall på sluttarar og stryk og IV, som i dag er alt for høgt. Dei ulike tiltaka med målsetting er lista opp her:

Auka tilgjengeleg lærartid i studieverkstaden

Vi treng fleire personar og auka lærarressursar til studieverkstaden. Vi fortsetter med tilbod om kurs i grunnleggande ferdigheiter med ekstra støtte innan matematikk og språk. På Vg2 vil tilbodet særleg gjelde engelsk. Tilbodet til minoritetsspråklege ønskjer vi å utvide og utvikle. Vi treng fleire lærarar til studieverkstaden for å være fleksible i høve til kva elevane treng, samt å bruke ressursane til støtteundervisning betre. Ein lærar må få ressurs til å administrere tilboda. Det er eit mål at færre elevar treng spesialundervisning etter § 5-1. Det er eit mål at fleire elevar på eit tidlegare tidspunkt kan få den ekstra hjelpen dei treng. Vi vil særleg ha fokus mot Vg1-elevar, men òg andre som er i risikogruppe for å falle frå.

Adresse: Kolskogheiane 14, 5210 OS - Telefon 56 56 56 00 - Telefaks 56 56 56 40

Direkte telefon: 56 56 56 00 E-postadresse: post.osv@hfk.no

To-lærer i startfasen

For enkelte klassar med svakt presterande elevar frå ungdomsskulen vil vi sette inn to-lærarsystem i fellesfag og programfag i oppstartfasen. Målsetting å førebygge så tidleg som mogeleg ved å styrke dei grunnleggjande ferdigheitene og meistringsopplevingar. For enkeltklassar kan to-lærer vere løysinga for heile skuleåret.

Miljøfagarbeidarar og minoritetsspråklege

I år og i fjor har vi hatt ein student (spes. ped.-studiar) som har vore på studieverkstaden for å hjelpe minoritetsspråklege til å bruke Veggen fram, Veggen vidare og Drillpro. No har studenten fullført studiene, og vi vil gjerne vidareutvikle dette tilbodet. Vi ser trong for å styrke norskfaget, også med faglærarar. Miljøfagarbeidarane kan og hjelpe til på studieverkstaden etter behov.

Redningspakker

Redningspakker før store prøver/eksamen. Dette har vi prøvd ut i år. Målsettinga er å få eit betre vurderingsgrunnlag for enkelte, andre får auka moglegheit for å bestå faget. Aktuelle fag er matematikk, naturfag, språk og økonomi.

Tilrettelagt kroppsøving

Vurdering i kroppsøving for elevar med stor grad av tilrettelegging, gjerne med alternative læringsarenaer. Det vil kunne minske talet på elevar med fritak for vurdering i faget. Her vil vi sette inn to-lærer/auka bruk av miljøarbeidar.

Rådgjevarressurs

Rådgjevarane har stort tidspress. Dei slit med å få nok tid til samtalar med elevar og å hjelpe kontaktlærarane med elevar som held på å falle ut, noko som medfører mindre tid til karriererettleiinga for elevane. Desse tilhøva kan ha negative konsekvensar for eleva si gjennomføring. Skulen ønskjer derfor å auke rådgjevarressursen ytterlegare. Rådgjevarane skal mellom anna forbedre rutinar for overføringsmøter for elevar som har hatt behov for særleg tilrettelegging og som overførast internt.

Kostnader

Frigjort tid til 2-lærerordning og studieverkstad må sjåast i samanheng. Vi budsjetterer derfor ikkje spesifikt for dette. Nokre ressursar vil i tillegg kome av undertid, og evt. omdisponering av miljøfagarbeidarar, som skulen bruker mykje midlar på. Kostnader for miljøretta tiltak har vi ikkje tatt med i denne søknaden.

Studieverkstad-koordinator, 20 %	130.000
Studieverkstad fellesfaglærarar, 90 %	585.000
Studieverkstad, minoritetsspråklege 20 %	130.000
Miljøfagarbeidarar, studieverkstad	100.000
Redningspakkar, 40 årstimar	35.000
2-lærerordning ved skulestart	
Auka Rådgjevarressurs 20 % x 2	260 000
SUM	1.140.000

Fordeling

Totalkostnad:	1.140.000,-
Eigenandel:	570.000,-
Søknadsbeløp:	570.000,-

Med helsing



Audhild Tveiterås
ass. rektor



Lisbeth Holst
avd. leiar